

Kvam herad:  
Dette er dokument 09/89-75  
Vedlegg til : Dokument 09/89-74

## Kvam herad

### Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	14.06.2011	043/11	KAWV
Kvam heradsstyre	20.06.2011	067/11	KJHE

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksh.:</b> Kjell Helvik	<b>Arkiv:</b> N-000 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 09/89 - 65
---	---------------------------------------	---------------------------------

### Eigedomsskatt på kraftverk - nye reglar for maksimums- og minimumsreglane ved taksering - høyring

#### Samandrag:

Finansdepartementet sendte 15. april 2011 ut på høyring forslag til endring i maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk. Høyringsfristen er 15. juli 2011.

Eigedomsskatten for kommunar er firvillig og ligg i dag utanfor inntektssystemet. Staten via fylkesmennene har i mange år pressa på for å få kommunane til å innføra eigedomsskatt og langt dei fleste (299 kommunar) har i dag innført ordninga. Det store unntaket er Oslo kommune.

Det er om lag 200 kraftkommunar i Noreg. Dei fleste av dei er utkantkommunar og minsteinntektskommunar. Eigedomsskatt frå kraftverk er ei viktig inntektskjelde for mange vertskommunar. Eventuelle endringar i reglane for eigedomsskatt på kraftverk vil ha stor økonomisk verknad for desse kommunane.

Samla eigedomsskatt på kraftverk var i 2010 2,0 mrd. kr. Total eigedomsskatt var på 6,0 mrd kr.

Det er eigedomsskattetaksten som dannar grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt. For alle anlegg, utanom kraftverk, gjeld byskattelova § 4 og 5. For kraftverk gjeld Eigedomsskattelova §18-5 (1) som grunnlaget for taksten på kraftverk; *"Kraftanlegg verdsettes til antatt salgsverdi pr. 1. januar i ligningsåret ved taksering av fremtidige inntekter og utgifter over ubegrenset tid"*

I 1997 vart Kraftskattereforma gjennomført og målsetjinga var "(...) i større grad enn i dag treffe markedsverdiene" Stortinget var i stor grad samde om at det var det prinsippet som skulle liggja til grunn.

I 2000 og 2003 vart minimums- og maksimumsregelen for eigedomstakst for kraftverk innført. I Eigedomsskattelova §8,4. ledd står det at verdet av anlegget ikkje skal setjast lågare enn 0,95 kr/kWh eller høgare enn 2,35 kr/kWh av gjennomsnittsproduksjon dei sju siste åra.

Kvam herad tapte i 2010 4,9 mill kr. på maksimumsregelen. Tapet vil auka med auka straumprisar.

Innføring av minimumsverdi (Stoltenberg I) vart gjort i 2000 og bakgrunnen for det var ny verdisetjing av kraftverk frå 2001. Det vart gjort for å avverja utilsikta konsekvensar av overgangen til nye reglar for verdisetjing av kraftverk og å hindra eit bortfall av proveny til kommunane på 450 mill kr. Det var tenkt som ei mellombels ordning.

I 2003 innførte Bondevik II maksimumsverdiar frå 2004. Det var for å oppnå "symmetri" dvs. at kraftverka skulle få att verdiane dei hadde tapt på minimumssatsen.

På grunn av sterk auke i straumprisane dei siste åra hadde 86% av alle anlegga i 2010 oppnådd maksimumsverdi. Eigedomsskatten fangar difor ikkje opp *den reelle omsetningsverdien*, men er blitt ei avgift på kr. 2,35/kWh. Då er eigedomsskatten vorte ei *fast avgift* og det stemmer ikkje med lova og forarbeidet til lova.

Verdien av kraftproduksjonen i Noreg har auka sterkt dei siste åra på grunn av auka straumprisar og vil i framtida truleg liggja på eit høgare nivå enn tidlegare. Kommunane vil ikkje få glede av dei høge straumprisane i framtida dersom lova vert vidareført etter same prinsippa som no. Då vil meirverdien gå til staten og til dei store kraftselskapa som stort sett er eigd av staten eller dei store bykommunane. Staten får mange milliardar kroner i inntekt via grunnrenteskatt på kraftverk og meirverdiavgifta på sal av kraft. Staten tok ut eit utbytte i Statkraft på over 10 mrd. kr. i 2009 og 8 mrd kr. for 2010, og Oslo kommune tok ut eigarutbytte frå kraftverk på 2,8 mrd. kr. i 2010.

Dersom den høge prisen held seg, eller kanskje til og med stig endå meir, vil den skeive fordelinga mellom bykommunane og staten på den eine sida og vertskommunane på den andre sida berre verta større.

Kvam herad er på same måte som dei fleste vertskommunar for vasskraft, ein minsteinntektskommune. Vår inntekt ligg på vel 90% av landsgjennomsnittet. Vi er ein kommune som tilliks med mest alle dei andre vertskommunane har problem med å oppretthalda folketalet. Mykje av grunnen til det er at busetnaden er spreidd, som igjen skuldast ein vanskeleg topografi og dermed dyr infrastruktur. Samtidig er det den vanskelege topografien, saman med mykje nedbør, som skaper grunnlag for kraftproduksjon og dermed tilfører storsamfunnet ein unik ressurs.

Vårt samla bidrag til storsamfunnet er vesentleg ved at vi er vertskommune for vasskraftverk og vertskommune for lakseoppdrett. Legg vi til monsternaster i Hardanger, som gjeld framføring av store kraftmengder til sentrale strøk, så er bilete at vi i dag stiller våre naturressursar til rådvelde for storsamfunnet. Alle dei tre nemnde områda representerer store kommersielle verdiar der det meste ligg att i storsamfunnet, og realverdien av dei er

sterkt aukande. På den bakgrunn er det ikkje meir enn rett og rimeleg at auke noko av auken i realverdien går tilbake til vertskommunane.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Maksimumsverdi på eigedomsskatten på kraftverk er i dag i strid med Stortingets formål med Kraftskattereforma av 1997. Eigedomsskatten på kraftverk er vorte ei avgift som *ikkje* er ein funksjon av lønsemda i kraftverket slik intensjonen var.

1. Kvam herad meiner at grunnlaget for å oppretthalda reglane om minimums- og maksimumstakstar for eigedomsskattetakst på kraftverk ikkje er til stades, og reglane må fjernast.
2. Samtidig med regelendringa må kapitaliseringsrenta på kraftverk aukast (5-5,5%) og vera stabil over lang tid.
3. Maksimumsverdien tek frå vertskommunane retten til ein del av den framtidige verdiskaping som kjem frå ein unik naturressurs. Det vert ubalanse i fordelinga av verdiar mellom partane som skal hausta av utbygde vassdrag. I dag er vertskommunane i klemme mellom staten og dei store kraftverkseigarane.
4. Maksimumsverdi kan føra til at kommunane i framtida ikkje vil vera like positive til utbygging av ny vasskraft. Det same vil også gjelda for anna fornybar energi.
5. Maksimumsverdi verkar konkurransevridande
  - a. De mest lønnsame kraftverka får den største skatterabatten
  - b. Det er ingen maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg, m.v

Rådmann Harald Inge Anderssen  
Sign.

### **14.06.2011 Kvam formannskap**

#### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg fekk 8 røyster og vart samrøystes tilrådd.

#### **FSK-043/11 Tilråding :**

Maksimumsverdi på eigedomsskatten på kraftverk er i dag i strid med Stortingets formål med Kraftskattereforma av 1997. Eigedomsskatten på kraftverk er vorte ei avgift som *ikkje* er ein funksjon av lønsemda i kraftverket slik intensjonen var.

1. Kvam herad meiner at grunnlaget for å oppretthalda reglane om minimums- og maksimumstakstar for eigedomsskattetakst på kraftverk ikkje er til stades, og reglane må fjernast.
2. Samtidig med regelendringa må kapitaliseringsrenta på kraftverk aukast (5-5,5%) og vera stabil over lang tid.
3. Maksimumsverdien tek frå vertskommunane retten til ein del av den framtidige verdiskaping som kjem frå ein unik naturressurs. Det vert ubalanse i fordelinga av verdiar mellom partane som skal hausta av utbygde vassdrag. I dag er vertskommunane i klemme mellom staten og dei store kraftverkseigarane.

4. Maksimumsverdi kan føra til at kommunane i framtida ikkje vil vera like positive til utbygging av ny vasskraft. Det same vil også gjelda for anna fornybar energi.
5. Maksimumsverdi verkar konkurransevridande
  - a. De mest lønnsame kraftverka får den største skatterabatten
  - b. Det er ingen maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg, m.v

**Saksordførar: Lars Ragnvald Djupevåg**

# Kvam herad

Kvam heradsstyre

## MØTEPROTOKOLL

**Dato:** 20.06.2011      **Kl.:** 16:00 – 21:20      **Stad:** Kvam rådhus

**Saknr.:** 057/11 - 070/11

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.:</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>	<b>Parti</b>
Knut Aage Vikøy	Ap	Eva Cecilie Holm	
Siriann Lillevik	DU	André Laupsa	Du
Kjell Arne Flotve	U/H	Frode Skeie	H
Geir Mo	H	Bjørgulv Hauger	Frp

<b>Ugilde:</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>
Gunnar Skeie, Ap	60/11	Ingen
Harald Kjosås, Krf	61/11	Hans Gravdal
Heidi Sandven Botnen, Krf	61/11	Johannes Waage
Even Øyri, Ap	64/11	Ingen
Gunnar Skeie, Ap	69/11	Ingen
Even Øyri, Ap	70/11	Ingen
Marie Fraas Aksnes, Sp	70/11	Ingen
Randi Storaas, Sv	70/11	Ingen
Merethe Gauden, V	70/11	Ingen
Eva Cecilie Holm, vara for Ap	70/11	Ingen

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Astrid Farestveit Selsvold
<b>Møtesekretær:</b>	Kommunalsjef Sigrid Laupsa
<b>Frå adm. møte:</b>	Rådmann Harald Inge Anderssen Økonomisjef Arild Steine Eigedomssjef Atle Kjosås Skulesjef Astrid Ljones Fjærestad Sjef private planar Jon Nedkvitne Teknisk sjef Per Øyvind Tveiten Seniorrådgjevar Kjell Helvik Prosjektmedarbeidar Arvid Tangerås
<b>Utlevert i møtet:</b>	Spørsmål og svar jfr. Spørsmål frå Harald Kjosås, Krf.
<b>Orientering:</b>	Teknisk sjef Per Øyvind Tveiten orienterte om forprosjektet til utbygging og oppgradering av VA- løysingar på Kvamskogen.

<b>Sp.mål/interpell.:</b>	<p><b>Spørsmål frå Frå Harald Kjosås KrF,</b>  Kvam er no inne i siste fase av rehabilitering, nybygging og strukturendring for grunnskulen i Kvam.  I samband med dette har det vorte stillt spørsmål omkring tilstanden til Ålvik skule.  Ålvik skule må også rustast opp til ein god og moderne skule.  Kva er stoda i den saka og kva tid får me den til politisk handsaming?</p> <p><b>Førebels svar frå rådmannen:</b>  (sak nr. 08/620, dok.43), retta summen som er til disp. for kortsiktige tiltak til 150.000 (avsette midlar i år), vidare oppjustert kostnadsanslaga med ca. 20% på bakgrunn av siste skuletilbod..</p> <p>– som eit førebels svar kan vi gjerne opplysa om saksframdrifta og houvdkonklusjon,:</p> <p><b>Konklusjon vedr.kostnader:</b>  Sjølv om ein tilnærmar seg kostnadsvurderinga frå to retningar kjem en fram til om lag same svaret: Skal det gjerast ei nødvendig oppgradering av skulen til å vera teknisk funksjonell og ellers i godkjend stand må ein rekna med kostnader i storleiksordning 15-20 mill. Ved større ombygging, der skulen blir tilrettelagt m.o.t.inndeling og utforming av undervisningsrom vil kostnaden nær dobla seg.  Om ein vurderer nybygg vil kostnaden for det vera om lag den same (høgare arealkostnad men vesentleg mindre areal). Driftskostnadene vil ved nybygg vera vesentleg lågare.</p> <p><b>Framdrift/tiltak:</b>  For vidare oppgradering av skulen bør det for 2012 setjast av 3 mill. til planlegging og prosjektering. Byggekostnader kan då budsjetterast på grunnlag av ferdig prosjekt i samband med budsjett for 2013.  Dersom det ikkje blir valt gå vidare med full prosjektering og seinare ombygging av skulen, må det som eit minimum setjast av midlar i 2012 som ivaretek konkrete krav i tilsynsrapportane . Det vil innebera ein del bygningsmessige tiltak,- utskifting/fornyng av tekniske anlegg er dessutan <i>nødvendig</i>.</p>
<b>Synfaring:</b>	Ingen
<b>Ymse:</b>	<p>Fullmakt til Ordførar</p> <p><b>Framlegg frå ordførar:</b>  Kvam heradsstyre gjev ordførar fullmakt til å godkjenna søknad om vidareføring av skjenkeløyve for nye Thon Hotel Sandven.  Framlegg fekk 27 røyster og vart samrøystes vedteke.</p> <p><b>Samrøystes Vedtak:</b>  Kvam heradsstyre gjev ordførar fullmakt til å godkjenna søknad om vidareføring av skjenkeløyve for nye Thon Hotel Sandven</p>

Underskrifter:

\_\_\_\_\_  
Astrid Farestveit Selsvold  
ordførar  
\_\_\_\_\_

-

## 067/11: Eigedomsskatt på kraftverk - nye reglar for maksimums- og minimumsreglane ved taksering - høyring

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Maksimumsverdi på eigedomsskatten på kraftverk er i dag i strid med Stortingets formål med Kraftskattereforma av 1997. Eigedomsskatten på kraftverk er vorte ei avgift som *ikkje* er ein funksjon av lønsemda i kraftverket slik intensjonen var.

1. Kvam herad meiner at grunnlaget for å oppretthalda reglane om minimums- og maksimumstakstar for eigedomsskattetakst på kraftverk ikkje er til stades, og reglane må fjernast.
2. Samtidig med regelendringa må kapitaliseringsrenta på kraftverk aukast (5-5,5%) og vera stabil over lang tid.
3. Maksimumsverdien tek frå vertskommunane retten til ein del av den framtidige verdiskaping som kjem frå ein unik naturressurs. Det vert ubalanse i fordelinga av verdiar mellom partane som skal hausta av utbygde vassdrag. I dag er vertskommunane i klemme mellom staten og dei store kraftverkseigarane.
4. Maksimumsverdi kan føra til at kommunane i framtida ikkje vil vera like positive til utbygging av ny vasskraft. Det same vil også gjelda for anna fornybar energi.
5. Maksimumsverdi verkar konkurransevidande
  - c. De mest lønnsame kraftverka får den største skatterabatten
  - d. Det er ingen maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg, m.v

### **14.06.2011 Kvam formannskap**

#### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg fekk 8 røyster og vart samrøystes tilrådd.

### **FSK-043/11 Tilråding :**

Maksimumsverdi på eigedomsskatten på kraftverk er i dag i strid med Stortingets formål med Kraftskattereforma av 1997. Eigedomsskatten på kraftverk er vorte ei avgift som *ikkje* er ein funksjon av lønsemda i kraftverket slik intensjonen var.

1. Kvam herad meiner at grunnlaget for å oppretthalda reglane om minimums- og maksimumstakstar for eigedomsskattetakst på kraftverk ikkje er til stades, og reglane må fjernast.
2. Samtidig med regelendringa må kapitaliseringsrenta på kraftverk aukast (5-5,5%) og vera stabil over lang tid.
3. Maksimumsverdien tek frå vertskommunane retten til ein del av den framtidige verdiskaping som kjem frå ein unik naturressurs. Det vert ubalanse i fordelinga av verdiar mellom partane som skal hausta av utbygde vassdrag. I dag er vertskommunane i klemme mellom staten og dei store kraftverkseigarane.
4. Maksimumsverdi kan føra til at kommunane i framtida ikkje vil vera like positive til utbygging av ny vasskraft. Det same vil også gjelda for anna fornybar energi.
5. Maksimumsverdi verkar konkurransevidande
  - a. De mest lønnsame kraftverka får den største skatterabatten
  - b. Det er ingen maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg, m.v

### **Saksordførar: Lars Ragnvald Djupevåg**

### **20.06.2011 Kvam heradsstyre**

#### **Røysting**

Tilrådinga frå formannskapet fekk 27 røyster \_ og vart samrøystes vedteke.



### HST-067/11 Vedtak:

1. Maksimumsverdi på eigedomsskatten på kraftverk er i dag i strid med Stortingets formål med Kraftskattereforma av 1997. Eigedomsskatten på kraftverk er vorte ei avgift som *ikkje* er ein funksjon av lønsemda i kraftverket slik intensjonen var.
2. Kvam herad meiner at grunnlaget for å oppretthalda reglane om minimums- og maksimumstakstar for eigedomsskattetakst på kraftverk ikkje er til stades, og reglane må fjernast.
3. Samtidig med regelendringa må kapitaliseringsrenta på kraftverk aukast (5-5,5%) og vera stabil over lang tid.
4. Maksimumsverdien tek frå vertskommunane retten til ein del av den framtidige verdiskaping som kjem frå ein unik naturressurs. Det vert ubalanse i fordelinga av verdiar mellom partane som skal hausta av utbygde vassdrag. I dag er vertskommunane i klemme mellom staten og dei store kraftverkseigarane.
5. Maksimumsverdi kan føra til at kommunane i framtida ikkje vil vera like positive til utbygging av ny vasskraft. Det same vil også gjelda for anna fornybar energi.
6. Maksimumsverdi verkar konkurransevridande
  - a. De mest lønnsame kraftverka får den største skatterabatten
  - b. Det er ingen maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg, m.v

### Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

JournalID	Journaldato	Tittel	Avsendar
		<u>Høyringsnotat om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk</u>	Ligg på finandepartementets sider

For å opne dokument det er referert til i tabellen må du klikke på lenka under her.


Skriv så inn JournalID i søkefeltet DokumentID og utfør søket.

[http://www.kvam.no/innsyn6/wfinnsyn.aspx?response=journalpost\\_sok&simple=false](http://www.kvam.no/innsyn6/wfinnsyn.aspx?response=journalpost_sok&simple=false)

x

## Saksopplysningar:

### Verdien av vasskraftproduksjonen.



Figuren viser prisen(øre/kWh) på kraft på spotmarknaden i perioden 1991-2010  
Verdien av kraftproduksjonen i Noreg har auka sterkt dei siste åra på grunn av auka  
straumprisar og vil i framtida truleg liggja på eit høgare nivå enn tidlegare.



Kommunane vil ikkje få glede av dei høge \_\_\_ straumprisane i framtida dersom lova vert

vidareført etter same prinsippa som no på grunn av at dei fleste verk har nådd makstaket. Då vil meirverdien gå til staten og til dei store kraftselskapa som stort sett er eigd av staten eller dei store bykommunane. Staten får mange milliardar kroner i inntekt via grunnrenteskatt på kraftverk og meirverdiavgifta på sal av kraft. Staten tok ut eit utbytte i Statkraft på over 10 mrd. kr. i 2009 og 8 mrd kr. for 2010, og Oslo kommune tok ut eigarutbytte frå kraftverk på 2,8 mrd. kr. i 2010.

I eit slik perspektiv og dersom den høge prisen held seg, eller kanskje til og med stig endå meir, vil den skeive fordelinga mellom bykommunane og staten på den eine sida og vertskommunane på den andre sida berre verta større og større.

### **Historisk tilbakeblikk**

De ulike politiske partia sine standpunkt om maksimumsverdi finn vi i Innst.O.nr. 20 (2003-2004):

- **Høyre, Krf og Venstre:**
  - *Øke minimumsverdien fra regjeringens forslag kr 0,8 til 0,95/kWh*
  - *Innføring av maksimumsverdi på kr 2,50 til kr 2,35/kWh*
- **Arbeiderpartiet:**
  - *"Mange kommuner har svært anstrengt økonomi, og den foreslåtte endringen vil føre til at det må kuttes i velferdstilbudet til innbyggerne. Disse medlemmer går derfor imot Regjeringens forslag om å redusere minimumsverdien, samt å innføre en maksimumsverdi i eiendomsskattegrunnlaget."*
- **SV og Senterpartiet:**
  - *"Dersom Regjeringens forslag får flertall, vil det føre til ytterligere kutt innen barnehage, skole og eldreomsorg. Disse medlemmer mener at det er uforståelig at Regjeringen velger å svekke kommunenes økonomi for å gi skattelettelser til en kraftbransje som aldri har hatt større overskudd enn i dag."*
- **Frp:**
  - *Utsettelse til 2005 av forslaget om å redusere minimumsverdien, sier ingen ting om maksimumsverdien*

### **LVK - Landsmøteresolusjon 20.08.2009:**

*"Landsmøtet krever at Stortinget vedtar en endring av eiendomsskatteloven §8 -som innebærer at minimumsverdiene og maksimumsverdiene for verdsettelse av vannkraftproduksjonsanlegg fjernes"*

### **Krav om å fjerna min-og maksverdiane:**

- Vedtatt på seks regionmøte i LVK vinteren 2010
- Vedtak i Arbeiderpartiet:
  - Sogn og Fjordane arbeiderparti 7. mars 2010
  - Nordland arbeiderparti 12. mars 2010
  - Oppland arbeiderparti 15. mars 2010
  - Hordaland arbeiderparti 15. mars 2010
  - Nord-Trøndelag arbeiderparti 23. mars 2010
- Vedtak i Senterpartiet: —

- Telemark Senterparti 7. september 2010

### **Statsbudsjettet i 2011**

- Omtalt i Statsbudsjettet i 2011. Av det går det fram at regjeringa vil koma tilbake til saka i budsjettet for 2012.

### **Konsekvensar av maksimumsreglen**

- 77 % av medlemene i LVK er "minsteinntektskommunar"
- Skatterabatten til kraftføretaka aukar med aukande kraftprisar
- Utbytte til eigarkommunane aukar med aukande overskot
- Vertskommunane får pga makstaket ikkje auka skatteinntekter, men risikerer reduksjon dersom produksjonen er låg.
- Skattetapet til vertskommunane, og dermed det urimelege overfor vertskommunane, aukar med aukande kraftprisar.
- Aukar regjeringa risikopåslaget på kapitaliseringsrenta, medfører det et ytterligare tap for kommunane

### **Bakgrunnen for LVKs krav om å fjerne min-og maksverdiene.**

- Det er ein *rettsleg prinsipiell skilnad* mellom minimums- og maksimumsverdi:
  - Eigedomskatt er ein *objektskatt*. Dvs at det er rettsleg grunnlag for å hevda at ein eigedom (kraftanlegg) –alltid vil ha ein minsteverdi, også sjølv om det ikkje skjer ein produksjon i det einskilde året.
  - Tilsvarande grunngjeving kan ein ikkje gjera gjeldande for ein maksimumsverdi.
- LVKs reaksjon i 2003:
  - Brev til Finansdepartementet
    - *"LVK er sterkt uenig i prinsippet om en maksimumsverdi, og vil ta dette opp igjen med Stortinget den dagen takstene for flere kraftanlegg måtte ligge over dette nivået."*

### **Finansdepartementet sitt forslag til løysing:**

- *"Etter en samlet vurdering mener Finansdepartementet at det er hensiktsmessig at denne korridoren [minimums-og maksimumsverdiene] for eiendomsskatt på kraftverk beholdes."*(høyringsnotatet side 8, 3. avsnitt)
- *"Finansdepartementet [foreslår] at maksimums-og minimumsreglene justeres i årene framover"* (høyringsnotatet side 8, 4. avsnitt)
- *"Finansdepartementet vil vurdere å foreslå en økning av risikotillegget i kapitaliseringsrenten."* (høyringsnotatet side 8, 5. avsnitt)
- *"FIN vil ev. vurdere om det er grunnlag for å gå nærmere inn på"den risikofrie renten"*

**LVKs forslag til løysing:** —

- Minimums-og maksimumsverdiane i eskl §8 (4) vert oppheva
- Kapitaliseringsrenta vert heva og gjort meir stabil, langsiktig (ca 5 –5,5 %)

**Kva er ein kapitaliseringsrente?**

- Nyttå for å finne noverdien av kontantstraumen frå kraftanlegget i framtida.
- Skattelova §18-5 (9), jf. FSFIN §18-8-4

## Kva betydning har kapitaliseringsrenta for eiendomsskatteinntekta til kommunen dersom maksverdien vert fjerna?

### 5.2.2 Økt risikopåslag i kapitaliseringsrenten


Vi får følgende resultater for eiendomsskattegrunniaget og tilhørende proveny ved de ulike forutsetningene dersom maksimumsverdien på 2.35 kr/kWh oppheves.

Tabell 6 Formuesverdi og eiendomsskatt ved ulike risikopåslag i kapitaliseringsrenten 2011 (inntektsåret 2009). Milliarder kroner og kr/kWh

	Dagens modell uten maksimalverdi	Statskasseveksler, 6,2 prosent risikopåslag	Langsiktig nøytral rente, dagens risikopåslag	Ny modell
Kapitaliseringsrente	4,70%	6,90 %	5,70 %	7,80 %
Formuesverdi	475 mrd	324 mrd	392 mrd	286 mrd
Formuesverdi kr/kWh middelproduksjon*	4,08 kr/kWh	2,78 kr/kWh	3,36 kr/kWh	2,46 kr/kWh
Eiendomsskatt	3,3 mrd	2,3 mrd	2,7 mrd	2,0 mrd

Kilde: THEMA Consulting Group \*Basert på middelproduksjon i verk med installert effekt over 10 MW. Faktisk gjennomsnittsproduksjon 2005-2009 er 132,8 TWh mot middelproduksjon 123,4 TWh for alle verk.

Figur 2 Forventet utvikling i eiendomsskatten 2011-2017 ved ulike modeller for kapitaliseringsrenten. Milliarder kroner



## Konsekvensar av løysningsforslaget frå LVK:

1. Gjeninnføra eigedomsskattereglane slik som dagens regjeringsparti tidligare konsekvent har støtta
2. Eigedomsskattereglar for kraftproduksjonsanlegg må vera i samsvar med grunnpilaren i kraftskattereforma –"Eigedomsskatten bør uttrykkja marknadsverdien til verket", Ot.prp. nr 23(1995-96) s. 138
3. Samsvara med skatteevna
4. Samsvara med dei ordinære prinsippa for eigedomsskatt
5. Gje om lag 200 kommunar eigedomsskatteinntekter i tråd med det dei gitt utsikt til - *"kraftkommunene vil samlet sett kunne få vesentlig økte inntekter i perioder med stigende kraftpriser"*, St.prp. nr 1 (2003-04) pkt 3.5.8
6. Gje vertskommunane ein rett til ein del av framtidig verdiskaping som skjer i kommunen
7. Gje vertskommunar eit viktig insentiv til å gje si tilslutning til ytterligare vasskraftutbygging
8. Fjerna konkurransevridinga som dagens særordning føre til og som berre gjeld store vasskraftproduksjonsanlegg (andre reglar for små kraftverk)
9. Føra til moderate omfordelingar av proveny
10. Fjerna grunnlaget for påstandar om at ordninga med min-og maksimumsreglar medfører ulovleg statsstøtte

### Kommentarar til høyringsnotatet til Finansdepartementet.

- Kva ligger det i forslaget om å *"justeres i årene fremover"*?
- FIN *"vurderer å foreslå"* ein auka kapitaliseringsrente, men:
  - Høyringsnotatet kartlegg ikkje dei økonomiske virkningane av kapitaliseringsrenta
  - Høyringsnotatet kan ikkje brukast som grunnlag for å visa fordelingsvirkningane
- *"De store økonomiske virkningene for staten og fordelingen mellom kommunene [som] taler mot en avvikling av maksimums- og minimumsreglene"* er vesentleg lågare enn overslaget frå FINs *når* renta vert endra
- Framstillinga av økonomien til vertskommunane er skjeiv og ikkje rett (tabell 6, sjå under):

*Tabell 6 Anslått økning i eiendomsskatteinntekter i 2011 ved en fjerning av maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk fordelt på kommuner etter korrigerte, frie inntekter, inkl. eiendomsskatt og konsesjonskraft, som andel av landsgjennomsnitt*

Frie inntekter	Andel av økningen
Over 140 pst.	36
111-140 pst.	38
101-110 pst.	15
90-100 pst.	11
90 pst. og under	0
<b>Sum</b>	<b>100</b>

Kilde: Finansdepartementet, Skattedirektoratet, Kommuneproposisjonen 2011.

Kommentar til tabell 6:

- KRD har gått bort frå ein slik utrekning (Kommuneproposisjonen 2012)
  - Feil å inkludera eigedomsskatt og konsesjonskraft i grunnlaget som vert samanlikna på landsbasis, når berre einskilde inntektskategoriar er teke med (tendensiøst utval)
  - Kommuneproposisjonens omtale av inntektskategoriar som ikkje er med i plasseringa av kommunar i økonomiklassar:
    - *”Det er viktig å huske på at det er visse svakheter knyttet til å bruke utgiftskorrigerte frie inntekter når man sammenligner inntektsnivået mellom kommuner. Grunnen er at viktige inntektskomponenter som øremerkede tilskudd og gebyrer ikke er med i beregningene. Det er heller ikke tatt hensyn til at noen kommuner har fordeler ved ordningen med differensiert arbeidsgiveravgift. Heller ikke eiendomsskatt, konsesjonskraft-og hjemfallsinntekter, utbytte og finansinntekter er tatt med i beregningene av utgiftskorrigerte frie inntekter.”*
  - 73 % av LVK-kommunane har under 110 % av landsgjennomsnittet i frie inntekter –tilsvarende snitt for alle landets kommunar er 76 %

### **Høyringsuttalen frå LVK:**

#### **LVKs kritikk av korleis Finansdepartementet tolkar historia.**


- at ordninga var meint å vere mellombels
- at Stortinget aldri mente å gå bort frå grunnleggjande prinsipp om å treffa eigedommens reelle omsetningsverdi: *”Etter Regjeringens syn er det likevel viktig at kraftverkene i hovedsak blir beskattet etter de ordinære verdsettelsesreglene for kraftproduksjonsanlegg, og dette vil være tilfelle med Regjeringens forslag.”*
- at alle andre eiendoms-kategoriar vert skatta med eigedomsskatt etter den reelle omsetningsverdien
- at Stortinget la til grunn ved innføring av makstaket at *”selv med en slik maksimumsverdi, vil kraftkommunene samlet sett kunne få vesentlig økte inntekter i perioder med stigende kraftpriser”*

#### **Korleis Finansdepartementet omtalar kommuneøkonomien i samband med høyringa.**

- FIN går framleis ut frå *”verdien av konsesjonskraft”*
  - Opplysning om dei faktiske inntektene i kommunane finn ein i KOSTRA
  - Overslaget til Fin.dep. overvurderte inntektene i perioden 2005-2010 med 4,4 mrd kr
  - Inntektene av konsesjonskraft til kommunane vart redusert med 221 mill rk frå 2009 til 2010 (Fin.dep. seier at inntektene har auka med 1,0 mrd. kr. i same periode!)
- Naturressursskatten går til utjamning i inntektssystemet (Ikkje 1,3 mrd kr frå naturressursskatt til \_\_\_\_\_ vertskommunane i netto, Kvam får tilnærma 0)
- I Høyringsnotatet side 4 står det: \_\_\_\_\_



- "Både staten, verskommuner og til dels fylkeskommuner har de siste årene fått betydelig økte skatteinntekter fra kraftforetak"
- Vår oppfatning er at det er misvisande å seia at inntektene til vertskommunane har auka "betydeleg" samanlikna med staten sine inntekter



Figuren over viser årlege inntekter i mrd. kroner. Grunnrenteskatt går til staten. Naturressursskatt vert samordna med rammetilskotet (for Kvam herad sin del fell han vekk)

### Utbytte til eigarane av kraftselskap

På side 5 i høyringsnotatet er inntektene til eigarkommunane kommentert, men etter vart syn er ikkje rekordresultata tilstrekkeleg analysert fordi vi registrera at inntektene har eksplodert dei siste åra.

Eksempel Oslo kommune:

- Utbytte 2006: 500 mill kr ("rekordår")
- Utbytte 2007: 650 mill kr ("nok et rekordår")
- Utbytte 2008: 900 mill kr ("nok et rekordår")
- Utbytte 2009: 800 mill kr ("et godt år")
- Utbytte 2010: 2,8 mrd kr ("nok et godt år")

Enerig skriv i mai 2011

"Dermed viser det seg at Oslos krafteierskap har hatt en samlet avkastning i perioden som kan karakteriseres som eventyrlig."

I høyringsnotatet viser Fin.dep. til Energi Noreg sitt overslag over eigarkommunen sitt utbytte i 2010 på 4,6 mrd kr

- De største eigarkommunane (20 stk) mottar ca 5 mrd kr i utbytte i 2010 (DN 12.05.11)
- Staten mottar ca 8 mrd kr i utbytte i 2010
- Faktisk utbytte i 2010 vil liggja på \_\_\_\_\_ om lag 13 mrd kr (Kilde: Europower.

Manglar framleis tal frå ei rekkje selskap

—

## Korleis Fin.dep. vurderer den økonomiske verknaden av saka

- Nivået på kapitaliseringsrenta er avgjerande for korleis provenyet endrar seg
- Avvikling av minimums- og maksimumsverdiane må difor verta vurderte saman med nivået på kapitaliseringsrenta (sml. tabell 5)

Tabell 5 Anslag på økt eiendomsskatt til kommuner og provenytap ved fjerning av maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk. Mill. kroner

	Eiendomsskatteår			
	2010	2011	2012	
			nedre anslag	øvre anslag
<b>1. Økt eiendomsskatt til kommunene</b>	<b>840</b>	<b>1 170</b>	<b>2 675</b>	<b>3 330</b>
<b>2. Statens provenytap</b>	<b>640</b>	<b>890</b>	<b>2 035</b>	<b>2 530</b>
<i>Fra grunnrenteskatt og ordinær skatt</i>	<i>490</i>	<i>680</i>	<i>1 550</i>	<i>1 930</i>
<i>Fra eierskapet i Statkraft<sup>1</sup></i>	<i>150</i>	<i>210</i>	<i>485</i>	<i>600</i>
<b>3. Økt skattebelastning for kraftverk (ekskl. Statkraft) (1-2)</b>	<b>200</b>	<b>280</b>	<b>640</b>	<b>800</b>
<i>Kommunalt og fylkeskommunalt eide kraftverk</i>	<i>160</i>	<i>225</i>	<i>510</i>	<i>640</i>
<i>Privateide kraftverk</i>	<i>40</i>	<i>55</i>	<i>130</i>	<i>160</i>

<sup>1</sup> Utbytte til staten kan bli lavere avhengig av fastsettelse av utbytte fra Statkraft. Staten har imidlertid også et tap knyttet til ev. lavere avsetning til egenkapital.

Kilder: Finansdepartementet og Skattedirektoratet.

Merknad: Ver merksam på at i 2010 er kapitaliseringsrenta 5,1%, i 2011: 4,7 og i 2012:3,3%

- Auka kapitaliseringsrente vil redusera eigedomsskattegrunnlaget og virka motsatt av å fjerna maksverdien
- MEN dersom makstaket verthalde oppe *samtidig* med at kapitaliseringsrenta vert auka , kan dette medføra reduserte eigedomsskatteinntekter

### Eit døme på reduksjon i eigedomsskatteinntektene:

Dersom makstaket vert justert med konsumprisindeksen (2009-2010) til 2,41 kr/kWh, og kapitaliseringsrenta vert auka frå 3,3% til 6%, vil dette medføra:

–5,5 mill. kr i inntektsreduksjon pr år for Sauda

–783.403 kri inntektsreduksjon pr år for Namsskogan

### Landsstyrets vedtak 28. april 2011:

*Regjeringa varslar reduserte eigedomsskatteinntekter til kommunane*

Samla verknad av å fjerna maksverdien og fjerna av renta er avgjerande – dette er ikkje analysert i høyringsnotatet

•Staten blandar saman eigarrolla og regulatorrolla –tilsvarande samanblanding i kommunane vert det åtvare mot

–Reglane for eigedomsskatt på kraftanlegg kan ikkje verta utforma spesielt gunstig berre fordi næringen er offentleg eigd

**Kvifor bør minimums- og maksimumsverdane fjernast.**

1. Den opphavlege grunngevinga for ordninga er ikkje lenger til stades
2. Maksimumsverdi verkar konkurransevridande
  - a. De mest lønnsame kraftverka får den største skatterabatten
  - b. Ingen maksimumsverdi på småkraft, vindkraft, bioanlegg, m.v
3. Maksimumsverdi medfører at eigedomsskatt er vorte - i strid med Stortingets formål med kraftskattereforma – ei avgift som *ikkje* er ein funksjon av lønsemda i kraftverket.
4. Maksimumsverdi avskjer vertskommunane frå retten til ein del av framtidig verdiskaping.
5. Maksimumsverdi vil virka som eit disinsentiv for når det gjend viljen til å byggja ut ny vasskraft
6. Maksimumsverdi vil virka som eit disinsentiv for utbygging av andre ny fornybar energi pga konkurransevridinga
7. Departementet sitt langsiktige overslaget over proveny ved innføring av maksimumsverdien i 2003 var feil
8. Er maksimumsverdien ulovleg statsstøtte?